

Sjølv ruskeveret stoppar ikkje pyntegjengen.

23.12.2016



Mange takk for jobben denne trioen gjer for julestemningen i bygda, Lars Myklebust, Knut Steinsletten og Ståle Eik.

**Ruskeveret vi opplever med regn og vind spelar ikkje nett på lag med den flotte julegrana vi har her i Uskedalen. Likevel er ein ting bombesikkert! Den er så fin som det er mogeleg i dette veret. Mellom vind- og regnbygene i føremiddag har Ståle Eik, Knut Steinsletten og Lars Myklebust vore på plass og sett julegrana i tipp topp stand.**

Då eg snakka med Knut Steinsletten i går ettermiddag var han opptatt av at veret hadde fore hardt fram mot Julagrano. Det var ein del sløkte pærer, den var ikkje slik som dei ønskte. Vermeldingane framover var heller ikkje lovande, men han hadde peilt seg inn på ei stund på føremiddagen i dag då vinden skulle løya. Då kunne det vera mogeleg å få lys i alle pærer att.

I dag føremiddag var pyntetrioen, Lars Myklebust, Ståle Eik og Knut Steinsletten på plass, og då uskedalen.no dukka opp var dei nett ferdige med jobben. Då lyste det i alle pærer.

- No er ho i alle fall 100 prosent, men med dei vermeldingane vi har, er det vel bortkasta arbeid, sa Knut vel vitande om at dei hadde gjort det som er mogeleg for at Julagrano skal vera på sitt finaste når vi går inn i julehøgtida. Regnbyga som var då, var så kraftig at den skapte vanskar for fotografen. Som de ser kunne han ikkje ta seg så mykje tid at han fekk med toppen på grana.

Vi har mykje å takka denne pyntetrioen for. Dei legg kvart år ned mykje arbeid for ar Julagrano skal vera på sitt finaste, og at vi skal kunna nyta synet av den. Lurer på korleis det hadde vorte med julestemning i Uskedalen utan lys på den kjære Julagrano som har lyst opp bygda dei 54 siste julehelgene?

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland



No lyser alle pærene. Vi får håpe veret er snill med dei!